



Vår referanse
20/2581 20/16179

Dykkar referanse

Sakshandsamar
Verner Larsen

Dato
13.11.2020

Tilbakemelding til formannskapet 17.11

Forskotering av spelemidler til turnhall:

I økonomiplanen er det lagt inn forskotering av 5,7 mill. kr. I søknaden frå Hødd turn vert dette truleg endra til 6,3 mill. kr. I økonomiplanen er det lagt til grunn at det vert forskottert med midlar frå kapitalfondet. Kommunane sin kostnad er då tapte renteinntekter – det utgjer 1,1 % pr. år med noverande rentenivå. Dette vil føre til ei tapt inntekt på om lag 69 000 kr pr. år så lenge forskoteringa varer.

Turnhall prosjektet er tenkt gjennomført med eit aksjeselskap som eigar. Dei vil be om ein kommunal garanti på kr 10 mill. Ein kommunal garanti fører ikkje til kostnader så lenge aksjeselskapet handterer renter og avdrag. Kor stor risiko som er knytt til garantien må ein vurdere når ein ser inntektsgrunnlaget i selskapet. Spørsmålet om kommunal garanti kjem opp som eiga sak. Alle avtaler om disponering av grunn og samhandling med Ulstein hallen må være klar før garantisaka kjem opp.

Med helsing

Verner Larsen
kommunedirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur